

Reglement for

klagenemnda



Vedtatt av kommunestyre: 26.10.2015, sak 121/15

REGLEMENT FOR KLAGENEMNDA I NORD-FRON KOMMUNE

§ 1. VAL OG SAMANSETTING

Klagenemnda i Nord-Fron kommune har fem medlemmer med varamedlemmer.

Medlemmene og varamedlemmene blir valde av kommunestyret. Medlemmene i klagenemnda skal, av habilitetsomsyn, ikke vere medlemmer i kommunestyret, formannskapet, plan og næringsutvalet, utval for helse-, oppvekst og kultursaker og utval for landbruks-, utmarks- og miljøsaker.

Kommunestyret vel leiar og nestleiar av klagenemnda.

Dersom ein medlem fell bort eller blir løyst frå vervet, vel kommunestyret nytt medlem. Ho/han blir vald frå den gruppa / parti som stod bak ho / han som gjekk ut. Dersom leiar fell frå eller blir løyst frå vervet, skal det veljast ny leiar sjølv om det tidlegare er vald nestleiar.

§ 2. ANSVARS- OG ARBEIDSOMRÅDE

Klagenemnda er klageinstans i Nord-Fron kommune med heimel i Forvaltningslova § 28.

- a) Klagenemnda skal behandle og avgjere klager på kommunale vedtak, med unntak av vedtak innafor særskilte saksområde som det (iht. reglar i særlovene) er bestemt annan klageinstans for. Departementet, delegert til Fylkesmannen, er klageinstans for vedtak fatta av kommunestyret.
- b) Før ei klagesak blir behandla i klagenemnda , skal saka vurderast på nytt av det organet som har gjort det første vedtaket, jfr. Fvl. § 33.
Administrasjonssjefen skal stå for utgreiing og innstilling i saker som blir lagt fram for klagenemnda, under føresetnad at han / ho ikke har medverka reelt eller formelt i saka tidlegare, jfr. Kl. § 40 nr.3 bokstav c.
- c) Klagenemnda sitt vedtak om å avvise ei klage kan ikke påklagast.
- d) Klagenemnda skal sjå til at saka er så godt opplyst som mogeleg før vedtak blir fatta. Nemnda kan be underinstansen om å gjera nærmere undersøkingar m.m. Nemnda skal prøve alle sidene av det vedtaket som er påklaga, både rettslege sider, saksbehandlinga og skjønn, og kan ta omsyn både til nye omstende og forhold som ikke er berørt av klagaren. Klagenemnda har plikt til å vurdere dei forholda som er tatt opp i klagan.
- e) Vedtak i klagenemnda kan ikke påklagast.

§ 3. SAKER DER KLAGENEMNDA HAR AVGJERDSRETT

Klagenemnda har avgjerdssrett i klager på kommunale vedtak, med unntak av vedtak som det iht. reglar i særlovene er bestemt annan klageinstans for.

Vedkomande statleg organ er klageinstans i saker der avgjerdssrett er delegert frå eit statleg forvaltningsorgan.

§ 4. KLAGENEMNDA SINE MØTE

- a) Klagenemnda skal ha møte når det er saker til behandling.
- b) Klagenemnda blir til vanleg kalla inn skriftleg med fem dagars varsel.
Saksdokumenta blir sendt til medlemmene, varamedlemmene, ordførar og administrasjonssjefen.
- c) Klagenemnda er vedtaksfør når minst halvparten av medlemmene er til stades og røystar i vedkomande sak. Vedtak blir gjort med vanleg fleirtal. Ved likt røystetal i andre saker enn val avgjer røysta til leiaren.
- d) Administrasjonssjefen og evt. den som møter på hans vegne har tale- og forslagsrett i møta.
- e) Utskrift av møtebok skal vere klar seinast innan ei veke.
- f) Klagenemnda sine møte er for stengte dører, med heimel i Kl. § 31 pkt.4.

§ 5. SEKRETARIATET SINE OPPGÅVER

Administrasjonssjefen er ansvarleg for at dei saker som blir lagt fram for klagenemnda er forsvarleg utgreidd, og at vedtak blir sett iverk.

Administrasjonssjefen peikar ut sekretær for klagenemnda.

Ved organisering av saksførebuing til klagenemnda må reglane om inhabilitet følgast, jfr. Kl. § 40 nr.3 bokstav c.

§ 6. LOVHEIMEL OG ENDRING AV REGLEMENT

Dette reglementet er vedteke med heimel i kommunelova av 25.09.1992 nr.107.

Utfyllande reglar om saksbehandling m.v. finst i denne lova.

Reglementet kan berre endrast av kommunestyret, etter at formannskapet og administrasjonssjefen har uttala seg.

Vedteke av kommunestyret 26.10.15, sak 121/15.

Tidlegare behandling av reglementet:

1. Kommunestyremøte 31.10.2007, sak 72/07, pkt. 2.
2. Kommunestyremøte 24.06.1999, sak 40/99.
3. Kommunestyremøte 30.10.2003, sak 54/03